



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggnes

VA-prosjekt & Anlegg AS
Garlivegen 15
2900 FAGERNES

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

LYSROG - 24/1113 25/86, M45

02.06.2026

Saksnr.	Utval
161/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
122/26	Kommunestyret

25/86 Sandbakkadn 32 Dispensasjon mellombels utsleppsløyve

Tiltak: Tett tank på svart- og gråvatn
Byggjestad: Gnr: 25 bnr: 86. Sandbakkadn 32, 2940 HEGGENES
Tinglyst eigar: Henriette Schrøder og Jan Kristian Pettersen
Kjærlighetsstien 3a
1781 HALDEN
Ansvarleg søkjar: VA-PROSJEKT & ANLEGG AS

Vedtak:

Dispensasjon

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak søknaden om dispensasjon frå *Arealdelen til kommuneplanen 2026-2038*, punkt 14.1.1 *Krav som gjeld infrastruktur - vatn og avlaup, omsynssonenamn H-410-VA*.

Dispensasjonen gjeld mellombels etablering av tett tank for fritidsbustad på Sandbakkadn 32, fram til offentlig VA-nett er etablert og eigedomen kan koplast til dette. Tiltaket er vurdert til å ikkje setje omsyna bak føreseigna vesentleg til side, og er i tråd med retningslinjene i handlingsplan for spreidd avløp og forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg. Fordelane er vurderte som klart større enn ulempe.

Utsleppsløyve

Med heimel i forureiningsforskrifta §§ 12-5, 12-6 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak, søknad om etablering av tett tank på gnr.25, bnr.86. Anlegget er dimensjonert for 8 pe.

Løyve er godkjent på grunnlag av «Søknad om dispensasjon for utslepp til tett tank», datert 26.05.2026.

Sentralbord:	Dir. telefon:	Org.nr:	E-mail:	Heimeside:
61 35 25 00	47611816	961382068	Roger.nymoen.lyseng@oystre-slidre.kommune.no	www.oystre-slidre.kommune.no

Byggeløyve

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3, jf. § 20-1 og kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak søknad om etablering av tett tank på gnr.25, bnr.86.

Løyve er godkjent på grunnlag av «Søknad om dispensasjon for utslepp til tett tank», datert 26.05.2026.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

1. Avløpsanlegget og utsleppet skal tilfredsstille gjeldande nasjonale og lokale forskrifter.
2. *Valdres Kommunale Renovasjon (VKR)*, har ansvaret for tøyming av private avløpsanlegg i kommunen. Anlegget skal etablerast og driftast i samsvar med *Forskrift om tømning og tilsyn av mindre avløpsanlegg som ikkje er knytt til kommunalt leidningsnett i kommunane i Valdres*.
3. Anlegget skal tøymast kvart år eller oftare ved behov.
4. Dersom det kjem slikt leidningsnett så langt mot tomta at denne kan krevjast tilkopla etter pbl. §27-2 vert det berre gjeve eit mellombels utsleppsløyve inntil tilkopling kan føretakast, sjølv om dette kan ligge noko fram i tid.

Saksopplysningar

VA PROSJEKT & ANLEGG AS, har på vegne av Henriette Schrøder og Jan Kristian Pettersen søkt om dispensasjon frå Arealdelen til kommunen 2016-2028, punkt 12.1.2 for etablering av tett tank for ein fritidsbustad på gnr.: 25, bnr.: 86, Sandbakkadn 32.


Det er Arealdelen til kommuneplanen 2026-2038 og punkt 14.1.1 som no er gjeldande for eigedomen. Tomta ligg innanfor infrastruktursone H-410-VA, der det er krav om felles planlegging og etablering av nødvendig infrastruktur, inkludert vatn- og avløpsløyser.

Det vert søkt om utslepp av svart- og gråvatn. Anlegget er dimensjonert for 8 pe og består av 12 m³ tett tank med alarm for nivå, med 110mm PP rør frå fritidsbustad til tank.

Planstatus

Det er arealdelen til kommuneplanen 2026-2038 som er gjeldande for området på vedtakstidspunktet. Arealformålet for eigedomen er *fritidsbebyggelse*. Eigedomen ligg i infrastruktursone H-410-VA. Krav som gjeld infrastruktur – vatn og avlaup:

«Innan desse sonene skal alle nybygg og tilbygg på brukseiningar med innlagt vatn koplest til felles avlaups- og vassforsyningsanlegg. Tilsvarende gjeld innlegging av vatn og etablering av avlaup i eksisterande bygg. Unntak er viss gjeldande kommunedelplan for VVA med handlingsplan legg anna løysing til grunn.»



Figur 1: Syner plankart

Nabovarsling


Tiltaket er varslet i tråd med plan- og bygningslova § 21-3 og forureiningsforskrifta § 12-4. Det har ikkje kome merknadar til nabovarselet.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Dato	Tiltaksklasse	J.dato
VA PROSJEKT & ANLEGG AS	PRO	21.05.2026	1	03.06.2026
Rørlegger Brager AS	UTF	21.05.2026	1	03.06.2026

Der ansvarsområdet ikkje er ansvarsbelagt skal det sendast inn *Erklæring om ansvarsrett* jf. SAK10 § 5-1, før arbeidet for ansvarsområdet startar.

Teikningsdokumentasjon



Figur 2: Situasjonskart

Vurdering

Dispensasjon

I søknaden om dispensasjon står det:

«Dispensasjonssøknad ifm avløpsanlegg på gnr.: 25 bnr.: 86.

Det søkjast dispensasjon frå Arealdelen i kommunedelplanen i forbindelse med avløpsanlegg på Sandbakkadn 32. Handlingsplanen for vann og avløp opnar for dette da det ikkje er alternativ i området. Anlegget består av tett samletank på 12m³ i volum for svart og gråvann og det blir søkt om midlertidig utsleppstillatelse for tiltaket.»

Etter pbl § 19-2 (2) skal ein ikkje gje dispensasjon «dersom hensynene bak bestemmelsen det dispensere fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.» Vilkår er kumulative. Dette inneber at kommunen berre har høve til å gje dispensasjon om begge vilkåra i regelen er oppfylt.

Vurdering av vilkåret i § 19-2 (2) fyrste setning:

Eigendomen ligg i infrastrukturene H-410-VA, som set krav til tilkopling til felles VA-nett. Jf. Handlingsplanprogram VVA, skal området forvalta som spreidd avløp i planperioden. VVA-planen sin handlingsplan for spreidd avløp opnar for etablering av tett tank for svart- og gråvatn som mellombels løysing når etablering av kommunalt VA-nett er nært føreståande (innan 5 år). Kommunen vurderer difor at tiltaket er i tråd med retningslinjene for handlingsplanen for spreidd avløp. Omsyna bak føreseigna er difor ivareta.

Vurdering av vilkåret i § 19-2 (2) andre setning:

Ordninga inneber jamlege tøyemekostnadar og kan over tid gi høge samla driftsutgifter. Tett tank medfører ikkje utslepp, men er ikkje ei berekraftig løysing på sikt. Likevel legg etablering at tett tank som mellombels løysing til rette for ønskja bruk av fritidsbustaden i påvente av tilknytning til kommunalt VA-nett. Fordelane ved tiltaket er vurdert som klart større enn ulempene, då løysinga ikkje medfører ureining, og er tenkt som mellombels løysing fram til kommunal VA er tilgjengeleg. Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med kommunen sine retningslinjer i handlingsplanen for spreidd avløp. Samstundes gir ho kommunen høve til å krevje tilkopling til offentleg nett i tråd med punkt 1.4 i arealdelen.

Søknaden skal vurderast etter Vassforskrifta § 12, som seier følgjande:

«§ 12. Ny aktivitet eller nye inngrep

Ny aktivitet eller nye inngrep i en vannforekomst kan gjennomføres selv om dette medfører at miljømålene i § 4–§ 7 ikke nås eller at tilstanden forringes, dersom dette skyldes:

- a. nye endringer i de fysiske egenskapene til en overflatevannforekomst eller endret nivå i en grunnvannsforekomst, eller*
- b. ny bærekraftig aktivitet som medfører forringelse i miljøtilstanden i en vannforekomst fra svært god tilstand til god tilstand.*

I tillegg må følgende vilkår være oppfylt:

- a. alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i vannforekomstens tilstand,*
- b. samfunnsnyttene av de nye inngrepene eller aktivitetene skal være større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- c. hensikten med de nye inngrepene eller aktivitetene kan på grunn av manglende teknisk gjennomførbarhet eller uforholdsmessig store kostnader, ikke med rimelighet oppnås med andre midler som miljømessig er vesentlig bedre.*

Jf. Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg, Øystre Slidre kommune, Oppland, § 10-2, . Renseløysingar godkjent for eksisterande og nye fritidsbustader i prioritert rekkefølge, står det blant anna at tett tank ikkje skal vere primæralternativet til avløpsløysing og at tanken skal plasserast minimum 30 meter frå heilårsveg, ha eit våtvolum på minimum 6 m³ og at hovudkran skal stengast automatisk ved alarm. Det er vurdert at § 10-2 gjeld for tette tankar der det er innlagt vatn i brukseininga.

Kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak vurderer at etablering av tett tank for både svart- og gråvatn som mellombels løysing kan verte godkjent inntil offentleg VA-nett er etablert.

Oppsummering

Kommunen kan ikkje sjå at omsyna bak den føresegna det vert søkt dispensasjon frå, eller omsyna i lova sin føremålsparagraf, vert vesentleg tilsidesette ved å gje dispensasjon. Tiltaket er vurdert å ha avgrensa verknader for omgjevnadene og kjem ikkje i konflikt med viktige offentlege eller private interesser.

Vidare vurderer kommunen at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det er lagt vekt på dei konkrete forholda på eigedomen, dokumentasjonen som ligg føre og at tiltaket ikkje vert vurdert å medføre vesentlege negative konsekvensar for miljø, helse, tryggleik eller arealbruk.

Tiltaket gir ingen utslepp av avløpsvatn, og vilkåra i vassforskrifta § 12 er oppfylt. Tiltaket er i tråd med Handlingsplan for spreidd avløp 2019-2028 og Handlingsplanprogram VVA, vedteken av kommunestyret 29.04.2021.

På denne bakgrunnen finn kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte, og at det kan bli gjeve dispensasjon som omsøkt. Kommunen føreset at anlegget blir etablert i samsvar med søknad, gjeldande lovar og forskrifter.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med *Søknad om ferdigattest* før det blir teke i bruk jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ved søknad om ferdigattest skal det liggje ved GPS-koordinatar av komponentane, fotodokumentasjon av alle vesentlege fasar av byggeprosessen og oppdatert gjennomføringsplan.

Gebyr

For handsaming av søknaden blir det eit gebyr på kr.10 582,- jf. punkt 6.1.1 *Handsaming av søknad om utsleppsløyve for avløpsanlegg 1-15 p.e* og eit gebyr på 8911,- jf. punkt 3.2.7.3 *Administrativ dispensasjon* i gebyrregulativ for kommunen. Total gebyr: 19493,-. Faktura blir sendt tiltakshavar.

<https://pub.framsikt.net/2025/oystre-slidre/bm-2025-okonomiplan2025#/generic/summary/feesmanagement/?search=gebyr&scrollTo=t-74>

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Anlegget/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
5. Anlegget/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

8. Anlegget skal dimensjonerast, byggjast og drives i samsvar med gjeldande regelverk og forskrifter som *Forureiningsforskrifta, Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg, Øystre Slidre kommune*», *Handlingsplan for spreidd avløp 2019-2028* og *VA/Miljøblad nummer 48, 59, 99 og 100* og *Plan- og bygningslova* . Anlegget og komponentane skal være SINTEF-godkjend.
9. Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. lov om kulturminne § 8. Melding skal narast sendast til kulturminnestyremaktene i Innlandet fylkeskommune.
10. Anleggseigar pliktar til å unngå forureining jf. forureiningslova § 7.
11. Dersom det blir bygd VA-leidning i nærleik av eigedommen så nært at den kan krevjast tilkopla, må eigedommen koplast til offentlig vass- og avløpsnett jf. plan- og bygningslova § 27-1 og § 27-2 med heimel i § 30-6.

Klagerett

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Roger Nymoen Lyseng
Saksbehandler

Vedlegg

Forureiningsforskrifta_Del_4_Avløp, Lokal_forskrift_om_tømming_tilsyn_Valdres,
Lokal_forskrift_om_utslepp_Øystre_Slidre_kommune

Kopi til:

Henriette Schrøder	Kjærlighetsstien 3a	1781	Halden
Jan Kristian Pettersen	Kjærlighetsstien 3a	1781	Halden

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar